

50 mm nedbør på 6 timar.

27.09.2018



Uskedalselva gjekk stri i går morgon. Elva ved Uskedal bru er fotografert kl. 08.00.

**Det vart målt 50,2 med mer nedbør på 6 timar i går, onsdag 26. september. På topp ligg Åkrafjorden med heile 80,2 mm nedbør, 30 mm meir enn i Uskedalen. Minst nedbør kom det på Varaldsøy. Uskedalselva gjekk stri, men ho var ikkje på sitt høgste. Nokre justeringar i elva dei siste åra gjer at det er mindre flaum inn på bakkane i høve til slik det var før.**

Uskedalen.no er ikkje kjend med at det vart gjort store skader i alt regnet. I Rosendal vart det som var Grendabygget fylt med vatn på grunnplanet.

Vegen ved Furebergsbrua vart stend og kantor Eva Megyesi, som skulle fram til Uskedalen på biskopen sin temakveld, måtte køyra via Skånevik. Steinsprang har påført brua skade.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal